

Museumsdagen utsett til søndag 28. august

27.06.2016



Arven etter Besten

Den tradisjonelle museumsdagen på Rød er utsett til søndag 28. august. Det har sammenheng med reise og ferieavvikling.
Det vert gjort nokre justeringar i oppsettet av program.



Brevatn

Hovudinnslaget vert akvarellutstilling i Lemstova med tittelen «Vestland, Vestland».

Kunstnaren er Elin Flindt. Motiva er henta frå natur og kystmiljø.

Saman med mannen, Rolf Rytvad, har ho restaurert husmannsplassen Bakken på Løfallstrand.

Bakken er eit typisk vestlandstun med samanbygd stovehus og løe. Her bur ekteparet om sommaren og har utstillingar i eige galleri.

Museumsdagen tek som vanleg til med gudsteneste i Røykstova. Gudstenesta er ved sokneprest Lina Håland. Seinare vert det konsert eller eit føredrag i Røykstova. Museumsdagen på Rød har vore skipa til kvart år sidan opninga av bygdetunet i 1983.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Elin Flindt

Nett: Thor Inge Døssland